

Rettleiar

Reelle
rettshavarar



Innhold

1. Innleiing	3
2. Bakgrunn for Register over reelle rettshavarar	3
3. Kven er reell rettshavar?	5
4. Kven skal registrere reelle rettshavarar?	8
5. Korleis finn du verksemda sine reelle rettshavarar?	9
6. Kor tid skal opplysningar om reelle rettshavarar registrerast?	10
7. Kva opplysningar skal registrerast?	10
8. Kor skal opplysningane registrerast?	12
9. Kven har ansvaret for registreringa?	12
10. Omfanget av plikta til å hente inn og bevare opplysningane om reelle rettshavarar	13
11. Verksemda er registreringspliktig, men har ikkje reelle rettshavarar	14
12. Oppdatering av registrerte opplysningar	14
13. Sanksjonar ved unnlating av innrapportering	15
14. Varsel om feilregistrering frå rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter	16
15. Sanksjonar – kva skjer dersom registreringspliktige får eit varsel?	17
16. Kven skal ha tilgang til opplysningane	17

1. Innleiing

01.10.2024 opna registeret for registrering av reelle rettshavarar. For at verksemdene skal få tid til å innrette seg, er det ein innfasingsperiode på 10 månader. Plikta til å registrere dei reelle rettshavarane sine trer i kraft 1.oktober 2024, men regelen om tvangsmulkt gjeld ikkje før 31. juli 2025.

Denne brukarrettleiaren er eit tilleggsdokument for registrering i Register over reelle rettshavarar som ligg på <https://www.brreg.no/reelle-rettighetshavere/>. Dokumentet er til for å hjelpe deg gjennom prosessen med å identifisere og registrere reelle rettshavarar i samsvar med lov og forskrift. Målet med rettleiaren er å gi deg nødvendig informasjon for å identifisere kven som må registrere reelle rettshavarar, eksempel på korleis du identifiserer reelle rettshavarar, kva opplysningar som skal registrerast og kven som har ansvaret for at verksemda registrerer dei reelle rettshavarane sine.

2. Bakgrunn for Register over reelle rettshavarar

Lov av 01.03.2019 om register over reelle rettshavarar har til formål å legge til rette for dei rapporteringspliktige, myndigheitene og andre sin tilgang til opplysningar om reelle rettshavarar.

Register for reelle rettshavarar skal sikre openheit om dei faktiske eigarforholda i norske verksemdar og gi informasjon om dei fysiske personane som i realiteten kontrollerer verksemdene. Større openheit om reelle rettshavarar er eit tiltak for å motverke kvitvasking, terrorfinansiering og økonomisk kriminalitet.

Forholdet til kvitvaskingslova

Når den registreringspliktige skal identifisere dei reelle rettshavarane sine som skal registrerast, er det viktig å hugse på at dette skal gjerast etter kriteria i forskrifta til lova. Desse er ikkje lik kriteria etter kvitvaskingslova.

Reell rettshavar etter kvitvaskingslova	Reell rettshavar etter Lov om reelle rettshavarar
Risikobasert tilnærming skal vurderast og kan føre til ein reell rettshavar	Risikobasert tilnærming er ikkje relevant fordi identifisering av reell rettshavar er objektiv
Nære familiemedlemmer sin eigarskap og kontroll skal slåast saman	Ingen automatikk i at nære familiemedlemmer sin eigarskap og kontroll skal slåast saman, Men fleire eigarar kan avtale samarbeid som til saman overstig 25,01 %. Det inkluderer også avtalar i vedtekter, stiftelsesdokument, aksjonæravtalar eller andre interne avtalar.
Ved indirekte kontroll via mellomliggande verksemdar må reell rettshavar i verksemd C kontrollere 25,01 % eller meir i verksemd B, som igjen kontrollerer 25,01 % eller meir i verksemd A.	Ved indirekte eigarskap via mellomliggande verksemdar må reell rettshavar i verksemd C kontrollere 50 % eller meir i verksemd B, som igjen kontrollerer 25,01 % eller meir i verksemd A.
Politisk eksponerte personar og deira nærstående skal identifiserast	Politisk eksponerte personar skal ikkje registrerast
Majoritetseigde dotterselskap av børsnoterte føretak er unntatt kravet til identifisering av dei reelle rettshavarane sine.	Dotterselskap av børsnoterte føretak skal identifisere dei reelle rettshavarane sine

Tabellen over viser forskjellane mellom dei to lovane for når ein person er ein reell rettshavar.

3. Kven er reelle rettshavarar?

Ein reell rettshavar er den eller dei fysiske personane som i siste instans eig eller kontrollerer ein juridisk person, ei eining eller annan samanslutning.

Ein reell rettshavar er alltid ein fysisk person som kan vere både ein norsk og/eller ein utanlandsk person.

Det er ikkje nødvendigvis alle eigarane som er reelle rettshavarar. Det er berre dei personane som oppfyller definisjonen på å vere ein reell rettshavar som skal registrerast.

Verksemda skal sjølv gjere ei konkret vurdering om dei har personar som oppfyller kriteria for registrering.


Direkte eigar og reell rettshavar

Ein person kan vere reell rettshavar ved å ha direkte kontroll over eigarskap og/eller kontroll over stemmerettar, retten til å peike ut eller avsette over halvparten av styremedlemmene i verksemda eller innflytelse/kontroll på annan måte.

Oppsummert gir dette ein reell rettshavar dersom fysisk person innfrir eitt eller fleire av følgande kriterium (posisjonar):

- eig meir enn 25 % av verksemda
- kontrollerer meir enn 25 % av stemmerettane i verksemda
- har rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styremedlemmene i verksemda
- innflytelse/kontroll på annan måte

Når du har kontroll (gjennom ein eller fleire posisjonar som nemnd over), og det ikkje er nokre andre verksemdar mellom deg og den registreringspliktige verksemda, er du reell rettshavar på direkte grunnlag.



Eksempelet viser fysisk person, Astrid, som er reell rettshavar i registreringspliktig verksemd, Logistikk AS, fordi ho har over 25 % kontroll i Logistikk AS

Indirekte eigar og reell rettshavar

Ein person kan også vere reell rettshavar ved indirekte å eige ei verksemd. Det vil seie at personen har eigarandelar og stemmerettar i den aktuelle verksemda via ei anna verksemd, for eksempel eit holdingselskap.

Verksemder som ligg mellom den registreringspliktige verksemda og reelle rettshavarar blir kalla mellomliggande verksemder.

Når du skal oppgi den registreringspliktige verksemda sine reelle rettshavarar må du derfor sjekke eventuelle mellomliggande verksemder (juridiske personar) for å finne fram til den eller dei fysiske personane som i siste ledd eig/kontrollerer verksemda. Det er viktig å kartlegge verksemda sin eigar-/kontrollstruktur, også når verksemda er eigd av ei utanlandske verksemd eller av utanlandske personar. For å vere ein reell rettshavar må ein person indirekte kontrollere meir enn 25 % i første nivå, deretter ha direkte kontroll på 50 % eller meir i påfølgande nivå.

På første nivå gjeld følgende reglar:

- eigarskap over 25 %
- stemmerett over 25 %
- rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret

- innflytelse/kontroll på annan måte

På alle andre nivå under gjeld berre:


- eigarskap/stemmerett 50 % eller meir
- rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret

Det er berre den eller dei fysiske personane som innfrir kravet om kontroll som skal registrerast i Register over reelle rettshavarar.

Reell rettshavar på annan måte

Ein person kan også vere reell rettshavar ved å utøve kontroll over verksemda på annan måte. Du må derfor undersøke om det er fysiske personar i verksemda som har særskilde rettar. Det kan for eksempel vere ein vedtektsfesta rett til å peike ut eller avsette over halvparten av styret i verksemda, rettar/kontroll som kan konsoliderast og liknande.

Eksempelet viser fysisk person, Astrid, som er reell rettshavar i registreringspliktig verksemd Hygge AS, fordi ho har 50 % kontroll i Logistikk AS, som igjen har ovr 25 % kontroll i Hygge AS.



Reell rettshavar i ein stiftelse

Dersom stiftelsen har innflytelse over næringsverksemd utanfor stiftelsen gjennom:

- avtale
- eigarskap i aksjar
- eigarskap av selskapsandelar

Andre enn fysiske personar (verksemder) kan oppfylle posisjonane for å vere reell rettshavar i ein stiftelse. Da er det dei reelle rettshavarane i verksemda, på tidspunktet kor verksemda oppnådde kriteriet i stiftelsen, som er reell rettshavar i stiftelsen.

Eksempel: Dersom selskap A gav grunnkapital til stiftelsen i 2024 – så vil det være dei som var reell rettshavar i selskap A på dette tidspunktet, som er reell rettshavar i stiftelsen på indirekte grunnlag i posisjonen «Har avgitt grunnkapital til stiftelsen».

På grunn av ei midlertidig avgrensning i den tekniske løysinga, må du kontakte oss på firmapost@brreg.no dersom du skal registrere nokon på indirekte grunnlag i ein stiftelse.

4. Kven skal registrere reelle rettshavarar?

Registreringspliktige verksemder skal registrere reelle rettshavarar. Med registreringspliktige meiner lova juridiske personar, einingar og andre samanslutningar og forvaltarar av utanlandske trustar og liknande juridiske arrangement som blir omfatta av lova sitt verkeområde etter [§ 2 i Lov om register over reelle rettshavarar](#).

Registreringspliktige verksemder:

- aksjeselskap (AS)
- allmennaksjeselskap (ASA)
- europeiske selskap (SE)
- ansvarlege selskap med solidarisk ansvar (ANS)
- ansvarlege selskap med delt ansvar (DA)
- ansvarleg selskap med avgrensa ansvar (BA)
- partsreiarlag (PRE)
- europeiske økonomiske føretaksgrupper (EØFG)
- kommandittselskap (KS)
- samvirkeføretak (SA)
- bustadsbyggelag (BBL)
- burettslag (BRL)
- sparebank (SPA)
- pensjonskasse (PK)

- norskregistrert utanlandsk føretak (NUF)
- gjensidige forsikringsselskap (GFS)
- næringsdrivande stiftelsar (STI)
- foreiningar, som har regnskapsplikt og/eller driv næring (FLI)
- eigarseksjonssameige

5. Korleis finn du verksemda sine reelle rettshavarar?

Det kan vere ein omfattande jobb å finne fram til verksemda sine reelle rettshavarar, men det er verksemda sitt ansvar (plikt) å identifisere dei.

For å identifisere fysiske personar etter [§ 2-1](#) og [§ 2-2](#) i Forskrift til lov om register over reelle rettighetshavere, må registreringspliktige innhente opplysningar fra bl.a. stiftelsesdokumenter, vedtekter, aksjeeierbok eller tilsvarende. Der det er relevant, må registreringspliktige innhente opplysningar om eventuelle enigheter eller avtaler, formelle eller uformelle, som regulerer utøvelsen av eierrettigheter og stemmerettigheter i den registreringspliktige virksomheten. Der det er relevant, må registreringspliktige også innhente

opplysningar fra eventuelle mellomliggende juridiske personer, enheter, sammenslutninger og arrangementer, norske og utenlandske.

Den registreringspliktige skal dokumentere grunnlaget for identifiseringen av hvem som er reelle rettighetshavere. Dersom den registreringspliktige mener det ikke er noen reell rettighetshaver i en juridisk person eller et utenlandsk juridisk arrangement, skal vurderingen begrunnes og dokumenteres.

Dersom den registreringspliktige mener det finnes en eller flere reelle rettighetshavere, men ikke kan identifisere disse, skal vurderingen begrunnes og dokumenteres.

6. Når skal opplysningane om reelle rettshavarar registrerast?

01.10.2024 opna registeret for registrering av opplysningar om reelle rettshavarar. For at verksemdene skal få tid til å innrette seg er det

innfasingsperiode på 10 månader. Plikta til å registrere dei reelle rettshavarane sine trer i kraft 1. oktober 2024, men regelen om tvangsmulkt gjeld ikkje før 31. juli 2025.

Førstegongsregistrering skal skje seinast 14 dagar etter at den registreringspliktige er blitt registrert i eit offentleg register.

Når den registreringspliktige har identifisert nye reelle rettshavarar i samsvar med § 4 fjerde ledd, skal registrerte opplysningar oppdaterast utan opphald og seinast innan 14 dagar. Det same gjeld dersom den registreringspliktige blir kjent med andre endringar som fører til at registrerte opplysningar ikkje stemmer lenger.

7. Kva opplysningar skal registrerast?

For sjølve innrapporteringa finst det tre hovudalternativ, avhengig av om verksemda har reelle rettshavarar og om dei kan identifiserast:

- **1. Verksemda har reelle rettshavarar som kan identifiserast.** Dette alternativet bruker du dersom verksemda har reelle rettshavarar som kan identifiserast, enten dei er norske eller utanlandske. Du vel også dette alternativet dersom du kan identifisere nokre av dei reelle rettshavarane, men ikkje alle.
- **2. Verksemda har ikkje reelle rettshavarar.** Dette alternativet vel du når verksemda ikkje har reelle rettshavarar. Det kan for eksempel vere tilfelle der ingen av eigarane eig meir enn 25 % av aksjane eller på annan måte har ein kontrollerande posisjon.
- **3. Verksemda har reelle rettshavarar, men ingen kan identifiserast.** Dette alternativet vel du i dei tilfella du veit at verksemda har reelle rettshavarar, men du kan ikkje identifisere nokon av dei.

Hugs at du i alle tilfelle må ta vare på dokumentasjon av dei undersøkingane du har gjort for å finne dei reelle rettshavarane. Registreringspliktige skal lagre opplysningar og vurderingar om reelle rettshavarar i ti år etter at fysiske personar slutta å vere reelle rettshavarar. Dette gjeld enten det er identifiserte reelle rettshavarar eller ikkje. Dokumentasjonen skal ikkje sendast inn.

For kvar reelle rettshavar i verksemda skal du melde inn personlege opplysningar. Du skal også gi opplysningar om korleis dei utøver kontroll over verksemda. Dette skal du gjere ved å angi posisjon (type kontroll) og grunnlaget for denne posisjonen.

- For posisjon "eigarskap" må du også oppgi kor stor andel eigarskapen er. Dette oppgir du i skjemaet ved å velje i kva intervall 25,01 % - 49,99 %, 50 % - 74,99 % eller 75 % - 100% eigarskapen ligg. I tillegg må du oppgi grunnlaget for eigarskap. Det vil seie om dette er direkte (personleg eigarskap) eller indirekte (via andre verksemder) eller eventuelt via ein kombinasjon av desse grunnlaga.
- For posisjon "stemmerettar" må du oppgi kor stor andel av stemmerettane ein kontrollerer. Dette oppgir du ved å velje ein av intervalla i skjemaet, 25,01 % - 49,99 %, 50 % - 74,99 % eller 75 % - 100 %. I tillegg må du oppgi grunnlaget for stemmerettane, det vil seie om dette er direkte eller indirekte (via andre verksemder) eller via einigheit eller avtale – eventuelt ein kombinasjon av desse grunnlaga.
- Posisjon "rett til å peike ut eller avsette meir enn halvparten av styremedlemmene" vil alltid vere basert på einigheit eller avtale

- For posisjon "på annan måte" må du i tillegg gi ei kort tekstleg beskriving.

Kva opplysningar skal eg sende inn?

- fullt namn
- fødselsnummer eller d-nummer. Hvis ein reell retshavar ikkje har fødselsnummer eller d-nummer, legg du inn fødselsdato
- bustedsland
- alle statsborgarskap
- organisasjonsnummeret - der grunnlaget er indirekte

Registreringspliktig har ansvaret for å varsle dei reelle rettshavarane sine om registreringa av opplysningar i Register over reelle rettshavarar.

Før du skal registrere reelle rettshavarar er det lurt å ha henta inn alle opplysningane du skal rapportere for å gjennomføre registreringa.

Du skal berre registrere den eller dei personane som oppfyller kriteria for å vere ein reell rettshavar.

8. Kvar skal opplysningane registrerast?

Registreringspliktige skal registrere dei reelle rettshavarane sine i Register over reelle rettshavarar.

Dette gjer du skjemaet Registrering av reelle rettshavarar (RRH-0100) i Altinn.

Opplysningane i skjemaet blir maskinelt behandla og du vil få eit vedtak som viser dei registrerte opplysningane i verksemda sin innboks i Altinn.

9. Kven har ansvaret for registreringa?

Leiinga i den registreringspliktige verksemda har ansvaret for å registrere dei reelle rettshavarane. Dei treng ikkje sjølv å utføre den praktiske delen av registreringa, det kan for eksempel bli gjort av rekneskapsførar, men ein representant for verksemda må signere elektronisk.

Meldinga skal signerast av ein fysisk person som har ei av følgande roller i verksemda:

- styremedlem
- dagleg leiar
- ansvarleg deltakar
- komplementar
- forretningsførar
- representant for norskregistrert utanlandsk føretak, [jf. meirverdiavgiftslova § 2-1 sjette ledd](#)
- forvaltar av utanlandsk trust eller juridisk arrangement
- tilsvarande kontaktperson

Meldinga kan også bli signert av ein fysisk person som har fått delegert retten til å signere meldinga på vegner av verksemda.

10. Omfanget av plikta til å hente inn og oppbevare opplysningar om reelle rettshavarar

Den registreringspliktige verksemda er pliktig til å gjere nødvendige undersøkingar for å identifisere kven som eigentleg eig eller kontrollerer verksemda. Verksemda skal gjere alle rimelege forsøk på å identifisere dei reelle rettshavarane sine.

Å utføre alle rimelege forsøk betyr at verksemda må gjere alt som kan gjerast for å identifisere dei reelle rettshavarane sine. Det er ikkje nok at ein reell rettshavar ikkje ønsker å la seg identifisere ovanfor verksemda. I slike tilfelle må verksemda forsøke å hente inn opplysningane på andre måtar. Verksemda skal ha prøvd alle moglegheiter for å identifisere reelle rettshavarar. Dersom det ikkje er mogleg å hente inn opplysningar, skal det dokumenterast kva verksemda har gjort – og kvifor verksemda ikkje har gjort ytterlegare tiltak. For å finne kven som er dei reelle rettshavarane er det nødvendig å kartlegge eigarstrukturen til verksemda. Verksemda må undersøke om det er særlege forhold som gjer seg gjeldande slik som einigheiter eller avtalar, formelle eller uformelle, som regulerer utøvinga av eigarrettar og stemmerettar i den registreringspliktige verksemda.

Dette vil gjere det enklare å finne fram til dei fysiske personane som i siste instans eig eller kontrollerer verksemda, og dermed finne ut kvifor ein person skal bli betrakta som reell rettshavar, ved type og omfang av personen sine rettar. Konkret kan den registreringspliktige verksemda ta kontakt med verksemda den blir eigd av for å få opplysningar om særlege forhold som er relevante for å identifisere reelle rettshavarar.

For å dokumentere forsøk på å identifisere reelle rettshavarar, kan du lage ei liste over dei verksemdene i eigarkjeda du har kontakta og korleis du har kontakta dei. Det er viktig å ta vare på førespurnadene, sidan verksemda er pliktig til å lagre desse opplysningane i 5 år, [jf. § 2-5 i forskrift i lov om register i reelle rettshavarar.](#)

Den registreringspliktige verksemdene varierer i storleik og kompleksitet. Det er derfor forskjell på kva den enkelte verksemda må gjere for å kunne identifisere dei reelle rettshavarane sine og på kva grunnlag dei er reelle rettshavarar. Dersom den registreringspliktige meiner det ikkje er nokre reell rettshavar i ein juridisk person eller eit utanlandsk juridisk arrangement, skal vurderinga grunnrivast og dokumenterast. Dersom den registreringspliktige meiner det finst ein eller fleire reelle rettshavarar, men ikkje kan identifisere desse, skal vurderinga grunnrivast og dokumenterast. Ein slik dokumentasjon vil vise at den registreringspliktige har gjort alle rimelege forsøk på å identifisere dei reelle rettshavarane sine.

11. Verksemda er registreringspliktig, men har ikkje reelle rettshavarar

Når den registreringspliktige verksemda ikkje har reelle rettshavarar, blir opplysningar om leiinga henta frå Einingsregisteret. For verksemder utan reelle rettshavarar vil leiinga representere verksemda.

Det vil vere tilfelle der verksemda har eigarar, men ingen oppfyller krava til å vere ein reell rettshavar etter definisjonane i forskrifta. Dette blir utløyst i tilfelle der verksemda blir eigd av så mange at ingen eig eller kontrollerer meir enn 25 % av eigarandelane eller stemmerettane. I slike tilfelle må verksemda melde at ho ikkje har reelle rettshavarar.

Dersom den registreringspliktige verksemda gjennom forsøka sine på å identifisere reelle rettshavarar får mistanke om at ein eller fleire reelle rettshavarar ikkje vil gi seg til kjenne på grunn av eit kriminelt forhold (for eksempel bruk av stråmenn), skal verksemda melde forholdet til politiet. I slike tilfelle blir verksemda nøydd til å registrere at dei ikkje kan identifisere sine reelle rettshavarar.

12. Oppdatering av registrerte opplysningar

Verksemda har plikt til å sørge for at informasjonen om dei reelle rettshavarane alltid er oppdatert. Kor ofte dette må gjerast avheng av situasjonen for kvar enkelt verksemd. Det er viktig at denne informasjonen ikkje blir utdatert.

Derfor bør verksemda sjekke og oppdatere informasjonen i forbindelse med generalforsamling eller liknande møte. Dersom det skjer endringar i verksemda sine reelle rettshavarar, som for eksempel auke i eigarandelar, endringar i stemmerett, nye avtalar eller at eksisterande avtalar blir avslutta, må opplysningane oppdaterast.

Når den registreringspliktige har identifisert nye reelle rettshavarar i samsvar med 4 fjerde ledd, skal registrerte opplysningar oppdaterast utan opphald og seinast innan 14 dagar. Det same gjeld dersom den registreringspliktige blir kjent med andre endringar som fører til at registrerte opplysningar ikkje stemmer lenger.

13. Sanksjonar ved unnlating av innrapportering

Tvangsmulkt

Dersom den registreringspliktige ikkje registrerer reelle rettshavarar innan fristen, kan registeret illegge tvangsmulkt fram til registrering er gjort.

Tvangsmulkt blir ilagd etter følgende satsar:

- eit halvt rettsgebyr per dag dei første åtte vekene
- eitt rettsgebyr per dag dei neste ti vekene
- eitt og eit halvt rettsgebyr per dag påfølgande veker

[Kor mykje eit rettsgebyr er, finn du på domstol.no.](https://www.domstol.no)

Tvangsmulkt blir ilagd per dag, og blir kravd inn etter åtte veker, atten veker og deretter kvar tiande påfølgande veke fram til registrering er gjort.

Dersom registrering av reelle rettshavarar ikkje er gjort etter åtte veker med tvangsmulkt retta mot den registreringspliktige, kan pålegg om

registrering og vedtak om tvangsmulkt bli ilagd følgende personar:

- styremedlem
- dagleg leiar
- ansvarleg deltakar
- komplementar
- forretningsfører
- representant for norskregistrert utanlandsk føretak
- forvaltar av utanlandsk trust eller juridisk arrangement

Desse personane blir solidarisk ansvarleg for den påfølgande tvangsmulka. Det betyr at dei har eit felles ansvar for å betale tvangsmulka.

Statens innkrevjingsentral gjer innkrevjing av tvangsmulkt på vegner av registeret.

Straff

Registreringspliktige verksemder og personar som handlar på vegner av dei, som unnlet å hente inn, oppbevare eller registrere opplysningar om deira reelle rettshavarar, kan i tillegg straffast med bøter eller fengsel i inntil eitt år. Dette gjeld også dersom det forsettleg blir registrert inn feil opplysningar.

14. Varsel om feilregistrering frå rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter

Enkelte rapporteringspliktige og offentlege myndigheiter har plikt til å varsle Register over reelle rettshavarar om feil i registeret. Rapporteringspliktige skal i samsvar med kvitvaskingslova kontrollere reelle rettshavarar som kundetiltak ovanfor nye kundar, og som kontinuerleg oppfølging ovanfor eksisterande kundar.

Rapporteringspliktige som skal varsle registeret er:

- bank
- kredittføretak
- finansieringsføretak
- e-pengeføretak
- betalingsføretak og andre som har rett til å yte betalingstenester
- verdipapirføretak
- forvaltningsselskap for verdipapirfond
- forsikringsføretak
- foretak som driv forsikringsformidling som ikkje er gjenforsikringsmekling

- forvaltar av alternative investeringsfond
- låneformidlingsføretak

Offentlege myndigheiter som skal varsle registeret er:

- politi- og påtalemyndigheit
- • Eininga for finansiell etterretning som er ansvarleg for å ta imot opplysningar om mistenkelege forhold etter [kvitvaskingslova § 26](#)
- Skattemyndigheiter
- Tilsynsmyndigheiter for rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket
- Tilsynsmyndigheiter for stiftelsar
- Andre myndigheiter med ansvar for å etterforske og påtale kvitvasking, primærforbrytingar og terrorfinansiering
- Andre myndigheiter med ansvar for sporing, bandlegging og inndraging av utbytte
- Sikkerheitsmyndigheiter

Løysing for å sende inn varsel er ikkje på plass til 1. oktober 2024. Dette kjem vi til å utvikle etter at registeret er sett i drift.

15. Sanksjonar – Kva skjer dersom registreringspliktig får eit varsel?

Dersom registeret får eit varsel om feilregistrering, vil den registreringspliktige verksemda få beskjed om dette. Verksemda vil vidare få moglegheit til å svare på varselet, enten ved å endre på reelle rettshavarar eller ved å stadfeste at det som allereie er registrert er korrekt.

Dersom den registreringspliktige verksemda ikkje svarar på varselet, vil Register om reelle rettshavarar starte prosessen med tvangsmulkt. Prosessen er lik den som er omtala i kapittel 13. Regelen om tvangsmulkt gjeld ikkje før 31. juli 2025.

16. Kven skal ha tilgang til opplysningane?

Opplysningar om registrerte reelle rettshavarar skal vere tilgjengelege for:

- rapporteringspliktige etter [hvitvaskingsloven § 2 bokstav c](#) i forbindelse med deira kundetiltak og kontinuerlege oppfølging etter kvitvaskingslova
- offentlege myndigheiter
- media
- høgare utdanningsinstitusjonar

Forskrifta vil definere opp nærmare kriterium for kven som skal ha tilgang av dei nemnde aktørane. Det kjem meir informasjon om dette når forskriftsendringa er vedtatt.